

Nytt helsehus Surnadal kommune

Helsefagleg vurdering: Eli Mette Finnøy, seniorrådgivar, seksjon helse, SFMR

Surnadal kommune står framfor ein sterk vekst i talet på eldre i aldersgruppene 80+ og 90+ det neste tiåret. Samstundes hadde kommunen i 2025 ein aldersbæreevne på 2,62 (tal personar 16-66 år som andel av tal personar 67 år og over). Dette talet har gått ned år for år, og kommunen har ein tydeleg demografisk utfordring.

Talet på brukarretta årsverk i omsorgstenestene med helseutdanning har gått ned dei siste åra og ligg under landsgjennomsnittet (SSB). Kommunen har òg ein høg del tilsette over 55 år i helse og omsorgstenesta (SSB). Dette gir utfordringar med å behalde og rekruttere nødvendig kompetanse for å sikre trygge og gode tenester.

Kommunen opplyser vidare om relativt høgt sjukefråvær i helse og omsorgstenestene (møte 30.01.26).

Dagens bygningsmasse er dokumentert ueigna, og tenestene er spreidde over fleire bygg. Sjukeheim og heimetenester er lokalisert kvar for seg, med separat leiing og separate nattevakter (4 nattevakter på sjukeheimen og 2 nattevakter i heimetenesta).

Kommunen informerte i møte 30.01.26 om branntekniske avvik i den eldre bygningsmassen, mellom anna manglar ved sprinkelanlegg, som må utbetrast dersom bygga skal nyttast vidare.

Etablering av eit nytt helsehus med samlokalisering av sjukeheim, heimeteneste og andre relevante støttetjenester er eit fagleg godt og framtidsretta grep. Samlokalisering er eit sentralt verkemiddel i ei tid med knappheit på helsepersonell og aukande krav til kompetanse og pasienttryggleik.

Eit nytt helsehus vil kunne gi tydelege gevinstar, mellom anna:

- lågare driftskostnader
- betre ressursutnytting
- auka bruk av velferdsteknologi
- lågare sjukefråvær
- betre arbeidsmiljø
- styrka kvalitet og pasienttryggleik

Konklusjon - helsefagleg vurdering

Eit helsehus med samlokalisering av helse og omsorgstenester er det mest effektive og berekraftige tiltaket for å møte framtidig personellmangel, sikre forsvarlege tenester og heve kvaliteten på tenestene.